



Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/8373-3

## **Solund - Planstrategi 2016 - 2019**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slike vedtak:**

1. Fylkesutvalet støttar vurderingane av utfordringar som er gjort i den kommunale planstrategien for Solund kommune.
2. Regional planstrategi bør leggast sterkare til grunn for det kommunale planarbeidet, og drøftingane bør vise kva dette inneber for prioritering av planarbeidet i planperioden.
3. Kommunen bør i større grad drøfte moglegheitene for interkommunalt plansamarbeid med dei andre kommunane i regionen.
4. Regional strategisk plan for kysten må forankrast i det kommunale planarbeidet i planperioden gjennom å verte prioritert i planstrategien.

Vedlegg:

- Planstrategi for Solund kommune 2016 - 2019

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Solund kommune har lagt utkast til kommunal planstrategi ut på høyring. Dokumentet har gode skildringar av status og utfordringar for Solund-samfunnet inndelt etter kommunale ansvarsområde og andre sentrale samfunnsområde. Strategien har også ein grundig gjennomgang av Solund kommune sitt planverk og planbehov.

### **2. Bakgrunn for saka**

Plan- og bygningslova § 10-1 set krav til kommunane om å utarbeide kommunal planstrategi (KPS). Strategien skal vere kommunen si rettesnor for kommuneplanarbeidet i komande 4-årsperiode. Etter lova skal strategien vere vedteken seinast eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre. Planstrategien bør gje ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, m.a. arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemd og ei vurdering av kommunen sitt planbehov i valperioden. I lov om folkehelse er det fastsett at ei oversikt over folkehelsetilstanden i befolkninga skal inngå som eit grunnlag for arbeidet med kommunal planstrategi og at ei drøfting av folkehelseutfordringane bør inngå i strategien. PBL § 10-1 set krav om offentleggjering av planstrategi minst 30 dagar før handsaming i kommunestyret. Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok [regional planstrategi](#) 2016-2020 (RPS) 14.06.16. Under arbeidet er det gjennomført prosessar med kommunane for å forankre arbeidet og legge til rette for kopling mellom RPS og dei kommunale strategiane.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Vi vil gje ros til kommunen for å ha utarbeidd eit dokument som er oversiktleg og godt oppbygd. Først vert det gjort ein grundig gjennomgang av status og utfordringar, før ein går gjennom eksisterande planverk og ut frå det seier kva planbehov kommunen har i planperioden. Ut frå det som står om organisering og prosess ser arbeidet ut til å i stor grad å ha vore eit internt arbeid mellom administrasjon og politikarar. Solund kommune har i sitt arbeid med status og utfordringar nytta statistikkgrunnlaget som fylkeskommunen har utarbeidd for kommunen.

Tabell med oversikt over prioriterte planarbeid er ikkje del av sjølve strategidokumentet, og heller ikkje med som vedlegg i innhaldslista. Vi vil oppmøde at denne tabellen vert tilpassa slik at den kan takast med som del av hovuddokumentet.

Med bakgrunn i gjennomgangen set kommunen opp følgjande utfordringar og venta utviklingstrekk på kort og mellomlang sikt:

- Negativ folketalsutvikling
- Mottak, busetting og integrering av flyktningar
- Bustadforsyning. Skaffe eigna bustader og tomter
- Til dels gammal kommunal bygningsmasse
- Manglande tilrettelagt næringsareal i kommunen
- Manglande bru til Ytre Sula
- Endringar i båtrutestruktur

I regional planstrategi (RPS) har vi sett opp følgjande prioritering av planarbeidet i perioden:

Plan	2016	2017	2018	2019	2020
<b>Nye planar</b>					
Strategisk plan for kysten					
Regional plan for arealbruk					
Regional plan for kultur					
<b>Revidering/rullering</b>					
Regional transportplan					
Regional plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv					
Regional plan for vassforvaltning					
Regional plan for klima og miljø					
Regional plan for folkehelse					

Eit fleirtal av desse planane vil vere relevante for kommunane. Det kan vere føremålstenleg for den einskilde kommune å vurdere om det vil vere rett å tilpasse eige planarbeid i tid med tilsvarende plan på regionalt nivå.

Nyleg vedteken regional planstrategi er ikkje drøfta i dokumentet. Alle kommunane i fylket var involverte i dette arbeidet, som munna ut i vedteken regional strategi. Noko av hensikta med ein RPS er at fylkeskommunen og kommunane i fylket skal ha eit felles dokument som tek føre seg hovudutfordringane fylket og kommunane står ovanfor framover i planperioden.

Med bakgrunn i dette har vi ei forventning om at RPS i større grad vert tatt med som grunnlag for kommunal planstrategi. Ikkje nødvendigvis at kommunen legg opp planarbeidet sitt etter dei utfordringane vi skisserer, men at kommunen gjennom sin planstrategi gjer ei vurdering/drøfting av utfordringane skissert i RPS opp mot dei utfordringane de ser for dykk i eigen kommune. Kommunane vil i større eller mindre grad ha dei same utfordringane som er sett opp i RPS. Dette er i stor grad globale og regionale trendar og utviklingsmønster som kommunane og lokalmiljø òg må forhalde seg til.

Vi ønskjer og at planstrategiane til kommunane seier noko om kva forventningar kommunane har til planlegginga på regionalt nivå, kva de ønskjer vi skal vere med på å leggje til rette for.

FN sitt klimapanel legg opp til eit taktskifte i klimaarbeidet, frå «tilpassing» til «omstilling». Med Paris-avtalen som vart vedteken i år vart premissane for klima- og miljøplanar noko endra, og ambisjonsnivået heva for norsk klimapolitikk. Kommunale klimaplanar bør innehalde oppdaterte mål og strategiar som bidreg til at Noreg når dei innmeldte utsleppskutta, og som betre rustar kommunane til eit endra klima. Noreg forplikta seg til ein reduksjon av klimagassutsleppa på 40% innan 2030 samanlikna med 1990. Kommunane og fylkeskommunane kan gjennom endring i si verksemd vere ein viktig bidragsytar for å nå dei måla, på ulike samfunnsområde (t.d. bygningsmasse, landbruk, kollektivtrafikk, og transport). For å få dette til må ein ha ei bevisst haldning, og ein strategi for reduksjon av klimagassutslepp og klimaomstilling.

Vi vil oppmøde kommunen til å rullere/revidere klima- og miljøplanen tidleg i planperioden. Vi ser at Solund har tenkt å starte dette arbeidet i 2018. Bakgrunnen er at ein ønskjer å prioritere samfunnsdel og arealdel. Vi meiner arbeidet med klimaomstilling bør prioriterast, og vi vil oppmøde kommunen til å sjå på om det kan vere eit alternativ å ta klimaplanlegginga inn i arbeidet med samfunnsdel og arealdel. I samfunnsdelen kan ein sjå på korleis ein på best måte kan jobbe for ei klimaomstilling av samfunnet, og setje retning for korleis ein vil handtere dette i arealdelen.

Det er viktig med god kopling mellom planstrategien og det årlege budsjettarbeidet, og den planlagde ressursbruken der. Når ein startar planarbeidet må det vere sett av ressursar til prosess og oppfølging. Det må vere eit mål i seg sjølv at dei planane ein set opp i strategien vert gjennomført. Vi ser av tidsplanen at ein stor del av planane i planperioden er tenkt starta opp i 2017. Kommunen bør sjå på om dette er realistisk å få til, eller om ein bør vurdere å fordele planane utover i planperioden.

Vi ser det som positivt at trafikktryggingsplan er sett opp i prioriteringslista for 2017. Vi har i haust vedtatt planprogram for regional transportplan. Som for alle regionale planar er innspeil frå kommunane om sentrale behov ein viktig del av planarbeidet.

Folkehelse er eit viktig arbeidsområde både på kommunalt og regionalt nivå. Å ha kunnskap om kva faktorar som direkte eller indirekte fremjar befolkninga si helse og trivsel er difor sentralt. Det er ikkje lagt opp til eigen plan for folkehelse i planperioden. Vi vil oppmøde om å ta temaet opp som ein del av arbeidet med samfunnsplan og vidare legge folkehelse til grunn i arbeidet med arealdelen. Godt folkehelsearbeid krev god samhandling mellom ulike samfunnsområde, og det kan og leggjast til rette for det gjennom arealdelen.

Frivillig sektor og Frivilligsentralen er nemnd som ein viktig del av integreringsarbeidet. Frivillig arbeid vil, og har stor betydning i framtida for ein fungerande helsesektor. Vi ønskjer at frivillig sektor skal vere eit endå meir uttalt «middel» for å nå fleire av måla til kommunen, også som ein sentral part når det gjeld medverknad i dei ulike planarbeida.

Solund kommune ønskjer å ta aktivt del i det arbeidet fylkeskommunen har starta opp med strategisk plan for kysten. Vi ønskjer at dette planarbeidet skal takast med som prioritert planarbeid i tidsplanen for 2017. Dette sidan planarbeidet vil krevje ressursbruk (tidsbruk) også i kommunen.

Kommunen ønskjer å halde fram som eigen kommune. De skriv at i framlegg til nytt inntekts-system er utfordringane til «ufrivillige små kommunar» teke omsyn til. Det er òg nemnt at det i kommunane rundt Solund truleg vil skje fleire endringar i kommunestruktur. Solund har med bakgrunn i geografisk plassering liten grad av integrasjon med andre bu og arbeidsmarknadars. Vi saknar ein drøfting i strategien om kva dette vil kunne ha å bety for Solund, og korleis ein gjennom planarbeidet ev. kan vere med på å tilpasse seg dette, t.d. gjennom interkommunale planar. Vi reknar med at dette vil vere ein sentral del av arbeidet med samfunnsplan, jf. også det arbeidet som er gjort med omdømmekartlegging i HAFS – regionen.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen støttar dei vurderingane og prioriteringane som er gjort i utkast til kommunal planstrategi for Solund kommune. Utkastet inneheld ei drøfting av utviklingstrekk og utfordringar, og ei vurdering av planbehovet som munnar ut i ein prioriteringstabell for planarbeidet dei neste 4 åra.

Regional planstrategi bør i sterkare grad leggast til grunn for det kommunale planarbeidet, og drøftingane bør vise kva dette inneber for prioritering av planarbeidet i planperioden.

Solund kommune har ei plassering og ein kommunikasjon som gjer at dei i liten grad er integrert i eit større bu- og arbeidsmarknadsområde. Det kan likevel ligge løysingar i interkommunalt samarbeid og interkommunale planar. Samarbeidet kan omfatte alle kommunale plantypar. Det er i liten grad drøfta moglegheiter for slike plansamarbeid.

Regional strategisk plan for kysten må forankrast i det kommunale planarbeidet i planperioden gjennom å verte prioritert i planstrategien.

Fylkesrådmannen legg opp til at saksutgreiinga følgjer som vedlegg ved oversending av uttalen til kommunen.